

Sikker is på Fjellandsbøvatnet

10.12.2012



No er det sikker is på Fjellandsbøvatnet. I kveld er det meldt

om 16 centimeters is og då er det berre å spenna på seg skeisene, forsikrar entusiastane som allereie har vore i aksjon nokre dagar på den fine og fristande arenaen 189 meter over havet..

Det er litt snø oppå isen men ikkje så mykje at det er hemmande, opplysar dei samme.

Det er ellers stor begeistring og takksemd over ljasmasta som har kome opp. Den vil forlenga den aktive treningsdagen i den mørkaste tida.

Bileta er av Ella Karina og Norah Hjørnevåg, den siste lagar isengel.

Foto: Janne Gloppen

